



Jostein Almås frå Stord er ein av dei ivrigaste fiskarane i Uskedalselva. Her er han med ein fisk på 7,5 kilo i 2012

**Fiskesesongen i Uskedalselva startar 15. juni og døgncortprisen ligg på 200 kroner også i år medan sesongkort ikkje blir selde. Men korleis er dette nivået samanlikna med andre lakseførande elvar?**

**Ein sjekk i [inatur.no](http://inatur.no) kan konkluderast med at døgncortprisen i vår elv nok ligg i det øvre sjiktet. Sørrelva i Etne ligg riktignok over med 250 kroner og Gaula med 225, men ellers er 200 eit vanleg nivå. Det er til dømes prisen i Driva.**

Men ellers er det rimelegare å fiska i mange elvar og vi nemner i fleng prisen i nokre elvar og område:  
Herre i Bamble og Årdal 60, Namsos 150, Aurland 150, Vosso 100, Storelva Møre og Romsdal 150, Tromsø 130, Frøyset 200.

VG har også hatt eit oppslag om kortprisane og slått fast at dei generelt er gunstige. Eit døme som avisa trekk fram er Nidelva i Trondheim med ein døgncortpris på 150 kroner og der det i førre veka vart landa ein laks på over 19 kilo. Der er det forresten og ein pensjonist-takst på berre 60 kroner døgnet og 330 for heile sesongen.

Av Ola Matti Mathisen